



Fråsegn: Ny heilskapleg verdsarvpolitikk, Luster kommune

Luster kommune er i stor grad nøgd med politikkdokumentet slik det er utforma og meiner dette kan vera eit godt grunnlag for ei vidare satsing på verdsarvarbeidet. Det har sia våren 2008 pågått eit arbeid med forvaltningsplan for buffersona til verdsarven Urnes stavkyrkje og Luster kommune vil i uttalen vektlegga forhold med utgangspunkt i slik situasjonen, kring verdsarvarbeidet ved Urnes stavkyrkje, er i dag.

Historikk

Urnes stavkyrkje kom på UNESCO si verdsarvliste alt i 1979 som det andre området i Noreg og som objekt nr 59. Dette skjedde utan føregåande prosessar slik som nominasjonsprosessane skjer i dag, og då med ei lite kunngjering i avisa. Urnes verdsarvområde er eit svært avgrensa område med kyrkje og kyrkjegard i underkant av 1,5 daa. Området er freda i medhald av kulturminnelova. Kyrkja er eigd av Fortidsminneforeninga og kyrkjegarden av Luster kyrkjeleg fellesråd. Kyrkja vert nytta av lokalbefolkninga til kyrkjelege seremoniar og kyrkjegarden er gravplass for lokalbefolkninga i området.

Urnes stavkyrkje ligg på Ornes – på sørsida av Lustrafjorden, 55 km (1 time) frå kommunesenteret Gaupne. Årleg besøkstal er ca 15-20 000 og dei fleste kjem med ferje frå Solvorn. Etablering av cruisekai i Skjolden gjer at dette mønsteret no er i rask endring.

RA har det overordna forvaltningsansvaret for stavkyrkjene – også Urnes stavkyrkje. For Ornes vart det vedteke ein reguleringsplan i 1997 i medhald av Plan og bygningslova, der nærområdet til kyrkja er regulert til spesialområde. Reguleringsplanen omfattar eit areal på ca 1000 daa og ansvar for forvaltning av dette ligg til Luster kommune.

For vel 20 år sia vart det, etter oppmoding frå UNESCO-kommisjonen, sett ned eit samarbeidsråd for å koordinera arbeidet i området. Utvalet har denne samansetjinga:

- Riksantikvaren - leiar
- Fortidsminneforeninga – Hovudkontoret i Oslo - sekretær

Medlemer:

- Fortidsminneforeninga - Sogn og Fjordane avdeling
- Luster kommune
- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Bygdelaget
- Grunneigarlaget

Lokal forankring av verdsarvverdiane:

Intensjonen om lokal forankring som vilkår for å verta verdsarvområde har ikkje lege til grunn for Urnes stavkyrkje som verdsarvobjekt. Det har dei siste 10-15 åra vore noko fokus på lokalt engasjement når det gjeld den næraste busetnaden på Ornes til Kroken. Pr d.d. er det

vel 40 fastbuande på Ornes. I kommunen elles merkar ein lite engasjement. Manglande lokal forankring kan skuldast eigarstrukturen der den aktive eigaren har si hovudforankring i Oslo.

Ei utfordring i arbeidet knytt til Ornes stavkyrkje er eigarstrukturen; Fortidsminneforeninga med hovudkontor i Oslo som ein aktiv part, og Luster kyrkjelege fellesråd – som ein passiv part. Ålmenta sin "eigarskap" er svak.

Ornes-prosjektet var i perioden 2003 – 2007 ei sentral oppgåve for utvalet. Dette gjekk i grove trekk på lokal mobilisering, kulturaktivitetar og lokal næringsutvikling.

I 2007 tok RA initiativ til at Sogn og Fjordane fylkeskommune skulle utarbeida forvaltningsplan for buffersona. Det som i utgangspunktet skulle vera plandokument fekk etter kvart status som fagrapport, og er eit godt grunnlag for det vidare arbeid. I 2010 løyvde RA kr 500 000,- til utarbeidinga av sjølve plandokumentet. Siste møte i samarbeidsgruppa, som i utgangspunktet skulle vera styringsgruppe for planen, var i november 2009.

Forvaltningsplan for verdsarven:

RA legg opp til at vedlikehaldsplan for stavkyrkja skal utgjera forvaltningsplan for verdsarven. Dette er eit arbeid som skal skje i Oslo i eit samarbeid med Fortidsminneforeninga.

Restaurering:

I 2010 vart stavkyrkja gjenopna etter eit omfattande restaureringsprosjekt i regi av RA, og sjølve stavkyrkja står i dag fram som ein verdig representant for denne viktige delen av den nasjonale kulturminneskatten.

Fortolkning

Kulturminnet Ornes stavkyrkje

Luster kommune legg til grunn at kulturminnet Ornes stavkyrkje er eigd av Fortidsminneforeninga med RA som forvaltningsmynde. Kyrkjegarden er eigd av Luster kyrkjelege fellesråd og med Sogn og Fjordane Fylkeskommune som forvaltningsmynde.

Verdsarven Ornes stavkyrkje

Luster kommune legg til grunn at verdsarvarbeidet omfattar ein del andre forhold som ikkje kan sjåast som ein del av forvaltninga av sjølve kulturminnet. Dette kan t.d. vera formidling, kompetanse, verdiskaping, tilkomst til området. Det er i seinare år lagt til grunn at verdsarvstatusen skal sjåast på som ein ressurs i lokalsamfunnsutviklinga.

Luster kommune har merknader til fylgjande hovudpunkt i strategidokumentet

1. Identifisering av verdsarv (pkt 4.1)

Jfr arbeidet med forvaltningsplan for buffersona ved Ornes stavkyrkje er det noko uklart kva som er intensjonen med dette arbeidet. Nye opplysingar frå fylkeskommunen kan tyda på at dokumentet skal vera grunnlag for ei slags utviding av verdsarvområdet.

Politikkdokumentet inneheld ikkje tema om utviding av eksisterande område. Dokumentet bør gjera greie for aktuelle utvidingsområde og kva prosessar som skal leggjast til grunn for ei utviding.

2. Organisering, aktørar og samarbeid (pkt 4.2)

Luster kommune vil understreka viktigheita av ei betre organisering av samarbeid mellom forvaltningsorgana, eigarar og private aktørar, og klargjering av ansvar mellom dei ulike partane.

Leiinga for samarbeidsrådet ved Urnes stavkyrkje har sete i Oslo. Arbeidet er ikkje formalisert og det er uklare føringar på oppgåver og møtefrekvens. Det har ikkje vore møte sia hausten 2009, sjølv om det føregår eit arbeid med forvaltningsplan for buffersona. Det er tidlegare sagt at ei gruppe med utgangspunkt i samarbeidsrådet, skal vera styringsgruppe for forvaltningsplanen.

Luster kommune meiner gjeldande organisering lite tilfredsstillande og seier seg nøgd med framlegg til organisering der både kommune og andre partar får ei klarare definert rolle,

Årleg samling

Dokumentet inneheld framlegg til fleire nye "møtepunkt". Det er allereie etablert eit "møtepunkt" gjennom Noregs Verdsarv si årlege samling. Dette kan vidareutviklast til også å omfatta møte/samlingar mellom ulike aktørar / myndigheiter.

Verdsarvråd

Dersom det lokale arbeidet skal få ei god utvikling, ser Luster kommune det som avgjerande for at det vert ei reorganisering ved verdsarven Urnes stavkyrkje. Kommunen meiner framlegget til ny organisering er ein god modell. Viktige punkt her er; klar ansvarsdeling med faste møtepunkt, god informasjon og ein felles forvaltnings- og tiltaksplan.

Dokumentet må i større grad klargjera dei ulike forvaltningsnivåa (kommune, fylkeskommune, fylkesmann og direktorata) sine roller og oppgåver når det gjeld ansvar for det organiserte verdsarvarbeidet. Verdsarvområda har ulik geografisk utbreiing. Uklarheiter i høve manglande rolledefinisjon for ulike forvaltningsnivå, gjer at dette er ei utfordring i høve kven som skal ta kva ansvar. Med RA som forvaltningsmynde for sjølve stavkyrkja må det gjerast ei rolleavklaring opp mot fylkeskommunen når det gjeld sjølve verdsarvarbeidet.

Koordinatorfunksjon

Luster kommune vil bidra til å få på plass ein koordinatorstilling. Dette kan t.d. løysast ved å plassera ein slik stilling ved Rådhuset i Luster, der det er plassert 3 stillingar innan nasjonalparkforvaltning og SNO. Der med oppfyller ein også intensjonen om å etablere sterke faglege miljø.

Derimot er ein usikker på korleis SNO kan ha ei oppgåve når det gjeld oppgåver innan PLBL-område. Det bør her også gjerast vurderingar jfr kommunane sine muligheiter til oppfylgning av desse områda og dermed kommunane sitt ressursbehov.

Interesseorganisasjonar og frivillige organisasjonar

Med svakt forankra "lokalt eigarskap" til verdsarven vil det vera viktig at det vert etablert ein nettverksorganisasjon eller venneforeining i tilknytning til Ornes. Dette kan t.d. gjerast gjennom eit lokallag gjennom Fortidsminneforeninga eller ein sjølvstendig venneorganisasjon. Dette er eit tema eit nytt verdsarvråd/verdsarvkoordinator bør gripa fatt i.

Norsk Verdsarv som interesseforum for verdsarvområda vart i 2007 etablert som ein "møteplass" for verdsarvområda i Noreg. Det ved fleire gonger etter dette vorte skipa konferansar som tek opp ulike tema knytt til verdsarvarbeidet.

Luster kommune legg vekt på at Noregs Verdsarv sine "Verdsarvforum" vert det faste møtepunktet mellom verdsarvområda og myndigheitene. Kommunen er kritisk til etablering av nye departementale forum for verdsarvarbeidet. Derimot ser ein det som viktig at departementa kan møtast for å drøfta strategisk viktige saker.

3. Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven (pkt 4.3)

For verdsarven Urnes stavkyrkje har RA lagt opp til at forvaltningsplanarbeidet vert todelt;

Del 1 - verdsarven

Forvaltningsplan for verdsarven vil jfr RA tilsvare ein vedlikehaldsplan for stavkyrkja med bakgrunn i restaureringsarbeidet som er gjennomført. Ansvarleg vert Riksantikvaren med Fortidsminneforeninga som samarbeidspart. Planen skal ikkje drøftast i samarbeidsrådet.

Del 2 - buffersona.

Riksantikvaren gav i 2008 Sogn og Fjordane Fylkeskommune ansvar for å utarbeida ein forvaltningsplan for buffersona. I brev 06.03.2012 skriv RA at det er eit krav frå UNESCO å laga ein forvaltningsplan for buffersona, men at den har inga sjølvstendig formell status i høve til plan- og bygningslova eller kulturminnelova.

Luster kommune meiner at det ikkje er samsvar mellom dokumentet og RA sitt arbeid med forvaltningsplanar.

Skisse til forvaltningsplan (vedlegg 3)

Luster kommune er i stor grad fornøgd med skissa til innhald i forvaltningsplan (vedlegg 3) for verdsarven. Forslaget tek utgangspunkt i tema omtalt i UNESCO sitt rettleingsmateriale.

Me seier oss nøgde med at forvaltningsplanen skal avgrensast til å omtala eventuelle buffersoner, og noterer oss at skissa ikkje inneheld framlegg om tema knytt til buffersona. Dersom det skal vera eigne forvaltningsplanar for buffersona, slik det no vert gjort for Urnes stavkyrkje, må dette presiserast i dokumentet. Det må også klargjerast kva forvaltningsmynde som har ansvar for ein slik prosess og kva regelverk ein slik prosess skal fylgja.

Trass i at det har vore arbeidd med ein forvaltningsplan for buffersona, er situasjonen slik at (jfr utkast som ligg føre pr 29.06.2012) ein enno ikkje har kome i gang med forvaltningsplan for sjølve verdsarven.

Me konstaterer at "Forvaltningsplan for buffersona" ikkje er tema i politikkdokumentet. Ut frå dette konkluderer me med at i tilfelle dette skal gjerast i område som vert forvalta etter reglane i P.LBL er det ei sak som kommunen avgjer. Me tolkar det også slik at forvaltningsplanen for buffersona vil vera eit tillegg til ein forvaltningsplan i samsvar Unesco sine forventingar.

I tilfelle dette er feil forståing bør temaet gjerast greie for i politikkdokumentet.

4. Buffersoner (pkt 4.4)

Luster kommune har forståing for argumenta som vert lagt til grunn for ei god forvaltning av området som omkransar verdsarven, men spørsmålet då vert om det ikkje er kommunen som planmynde som har det eigentlege planansvaret også for ein slik plan? Kommunen legg til

grunn at ei buffersone skal etablerast som ei omsynssone jfr PLBL og at dette ligg til kommunen å gjera.

5. Senter for verdsarven (pkt 4.6)

Som alternativ til senter for verdsarven kan tenkjast alternative modellar for kunnskap og formidling, og ein bør i større grad sjå på ein informasjonsmodell – der formidling, kunnskap og kompetanse vert sett i ein større samanheng.

Dersom det skal etablerast noko senter ut over det som er pr i dag i på Ornes bør dette vera langs Fv 55 for å avlasta kyrkja. Dette er i så fall ei sak som ein må koma tilbake til – og som pr i dag ikkje er ei aktuell sak.

Det bør likevel vera aktuelt å vurdere informasjon om verdsarven ved Breheimsenteret i Jostedalen som er nasjonalparksenter og i tilknytning til ulike lokale kulturformidlingsanlegg.

6. Verdiskaping (pkt 4.11)

Ornes har i dag ca 40 fastbuande. Området Kinsedalen – Ornes – Skjolden er eit tunt folkesett område og over tid hatt ein gradvis folketalsnedgang. Mange bustadhus går over til å verta feriehus.

Det har i mange år vorte vektlagt at fast busetjing er eit sentralt satsingsområde for kyrkja sin tryggleik. Mangel på arbeidsplassar, bustader, dårlegare transportforhold vil kunna svekka busetjinga ytterlegare, og ikkje minst på sikt svekka tryggleiken for kyrkja.

Luster kommune melde i januar 2012 inn eit verdiskapingsprosjekt til fylkeskommunen / RA. Bakgrunn for dette var m.a. av omsyn til busetjing, arbeidsplassar og ei breiare forankring og for å styrka den "lokale eigarskapen" av verdsarvverdiane. Luster kommunestyre løyvde også kr 1 mill til dette prosjektet som del av den totale finansieringa. Prosjektet nådde ikkje opp.

Med utgangspunkt i dei tilbakemeldingar som har kome frå RA på Luster sitt prosjekt, tyder det at også andre prosjektområde har "høg" prioritet. Dersom verdsarven skal vera eit nasjonalt "fyrtårn" – må den etter Luster kommune sitt syn gjevast høgast prioritet. Alternativt bør det i politikkdokumentet også gjerast greie for kva andre "fyrtårn"-prosjekt som finst innan kulturminnefeltet.

Det er avgjerande viktig at ein får eit samspel mellom stat, region og kommune når det gjeld å styrka grunnlaget for næringsverksemd i området med utgangspunkt i verdsarvverdiane.

Gaupne 29.06.2012

Jarle Skartun
Rådmann